

MASFJORDEN KOMMUNE
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Dato	25.09.2023
Vår referanse	2022/82405-68
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Kari Vik
E-post	Kari.Vik@vlfk.no
Telefon	48995264

Att.Rita Ludvigsen

Tildeling av midlar til Den kulturelle skulesekken for skuleåret 2023 - 2024

Hovudutval for kultur, idrett og inkludering vedtok 20.09.2023 prinsipp for fordeling av spelemidlar til Den kulturelle skulesekken for skuleåret 2023-2024 (PS 89/2023). Avdelingsdirektør for kultur, idrett og inkludering fekk fullmakt til å fordele spelemidlar til kommunane i Vestland etter prinsippa i saka og tildelingsbrev frå Kulturtanken.

Samla tildeling til Vestland fylkeskommune vert fordelt mellom Den kulturelle skulesekken (DKS) i grunnskulen og vidaregåande skule i samsvar med føringar frå Kulturtanken. Del til DKS i grunnskulen vert fordelt mellom fylkeskommunen og kommunane slik:

- del til Bergen kommune fastsett av Kulturtanken,
- 36% av restsummen fordelt på kommunane etter fordelingsnøkkel frå Kulturtanken,
- minstesats for tildeling til kommunane på kr 25 000,
- resterande del av restsummen til Vestland fylkeskommune sitt DKS-program i grunnskulen.

1. Mål og prinsipp for DKS

DKS er ei nasjonal ordning som skal sikre elevar i grunnskulen og vidaregåande skule møte med profesjonell kunst og kultur. Ordninga er finansiert med overskot av spelemidlar frå Norsk Tipping og fylkeskommunale/kommunale driftsmidlar. Kulturtanken - Den kulturelle skulesekken Norge har det nasjonale ansvaret for DKS, og fylkeskommunane og kommunane forvaltar ordninga regionalt og lokalt.

I Meld. St. 18 (2020-2021) *Oppleve, skape, dele – Kunst og kultur for, med og av barn og unge* la regjeringa fram nye nasjonale mål for DKS. Stortinget slutta seg til måla, med ei tydeleggjering av at målet med DKS framleis skal vere å bidra til at elevar får eit profesjonelt kunst- og kulturtilbod, jamfør Innst. 622 S (2020-2021) og vedtak av 8. juni 2021.

I tråd med dette skal DKS:

- vere eit gratis og jamleg tilbod til alle barn og unge i grunnskulen og vidaregåande skule,
- sikre at barn og unge får eit likeverdig og profesjonelt kunst- og kulturtilbod av høg kvalitet, uavhengig av kvar dei bur, slik at dei kan gjere seg kjende med og utvikle forståing for eit variert spekter av kulturuttrykk,
- bidra til barn og unge si danning og utdanning, slik det er formulert i overordna del i læreplanar i fag,
- formidle eit kulturtilbod som blir opplevd som relevant, og som representerer eit kulturelt mangfald av tilbod og utøvarar,
- vere eit samarbeid mellom kultursektoren og utdanningssektoren på alle nivå for å sikre god planlegging, forankring og tilrettelegging,
- bidra til å styrke norsk språk, dei samiske språka, dei nasjonale minoritetsspråka og norsk

- teiknspråk som grunnleggande kulturberarar,
- bidra til å formidle kunst- og kulturtilbod til barnehagebarn.

Fylkeskommunar og kommunar skal tilby elevar i det 13-årige skuleløpet, inkludert lærlingar og lære kandidatlar i vidaregåande opplæring, kunst- og kulturproduksjonar av høg kvalitet. Elevar med nedsett funksjonsevne skal ha same høve til å delta i DKS som andre elevar. Alle dei seks kunst- og kulturuttrykka i DKS skal vere representerte: film, kulturarv, litteratur, musikk, scenekunst og visuell kunst. Samiske kunst- og kulturuttrykk skal være ein integrert del av DKS.

Fylkeskommunane og kommunane kan gjere lokale og regionale prioriteringar for å ivareta og styrke breidda og mangfaldet av kunst- og kulturtilbod i DKS. Fylkeskommunane og kommunane må ha eit system for å velje ut innhaldet der ein er open om dei måla og omsyna som vert lagde til grunn. Ein skal legge vekt på medverknad frå barn og unge i alle deler av arbeidet, og fylkeskommunen skal involvere kultursektoren og utdanningssektoren i eigen organisasjon og på kommunalt nivå i arbeidet med ordninga.

Det vert lagt til grunn at kjerneverksemda for bruken av midlane er tilbod til elevar i skulen. Dei nye nasjonale måla anerkjenner at DKS i fleire kommunar bidrar til å formidle kunst- og kulturtilbod til barn i barnehagar, og opnar opp for at tilbod til denne målgruppa vert inkludert i den grad det er mogleg.

Arbeidet med DKS skal vere forankra i ordinære politiske og administrative prosessar og planverk i fylkeskommunen og kommunen. Kulturtanken legg til grunn at det vert utvikla samarbeid og nettverk mellom kultur- og skulesektoren på alle nivå, samt med relevante kulturinstitusjonar, universitets- og høgskulemiljø og forskingsinstitusjonar.

Det er forventa at tilbodet i DKS skal innehalde breidde, mangfald og variasjon, og at det skal utviklast nye produksjonar. Ein sentral premis for ordninga er at elevane skal oppleve tilbodet som relevant og at dei kan ha ei aktiv rolle i planlegginga, utforminga og gjennomføringa. Dagens barn og unge lever i ein medie- og teknologirik kvardag, og tilbodet i DKS bør reflektere dette.

Regjeringa sitt overordna mål er at kunst- og kulturlivet skal inkludere og vere tilgjengeleg for alle, uavhengig av til eksempel kjønn, alder, etnisitet, religion, seksuell orientering, funksjonsevne og/eller kulturell, sosial og økonomisk bakgrunn og kvar ein bur. Kultur- og likestillingsdepartementet ønskjer at det vert retta særleg merksemd på å fremme likestilling mellom kjønna og inkludere samfunnsgrupper som er underrepresenterte. Det vert forventa at DKS medverkar til at kunst- og kulturuttrykk til samar og nasjonale minoritetar i større grad kan bli del av kulturlivet i heile Noreg.

Tilboda i DKS skal bidra til å gjere elevane betre kjende med både bokmål og nynorsk og styrke forståinga av dei nordiske nabospråka.

Fylkeskommunen og kommunar som mottok forslag til programmet gjennom DKS-portalen skal bruke denne til handsaming av forslaga og sette av naudsynte ressursar til forsvarleg sakshandsaming. Alle som mottok spelemidlar vert oppmoda til å planlegge og publisere sitt program i DKS-portalen.

Kunstnarar som utfører arbeid i DKS skal betalast i tråd med bransjestandard, og rettshavar sine interesser skal sikrast i samsvar med åndsverklova. Kulturtanken legg til grunn at kunstnarar vert betalte i tråd med gjeldande rammeavtale om vilkår for oppdragstakarar, denne avtalen er forhandla fram av KS og CREO. *ASA 4401 Rammeavtale om vilkår for oppdragstakere i Den kulturelle skolesekken i fylkeskommuner og kommuner* er vedlagd.

2. Direktekommunar

Direktekommunar har sjølv ansvar for å gje alle elevar i grunnskulen i kommunen eit DKS-tilbod innafor rammene for ordninga. Kultur- og likestillingsdepartementet og Kunnskapsdepartementet i fellesskap har fastsett kriterium for direktekommunar i DKS. Kommunar som ønskjer å vere direktekommune innafor DKS-ordninga må sende søknad til Kulturtanken.

3. Fordeling av midlar til DKS

Kulturtanken fordeler DKS-midlane til fylkeskommunane etter ein fordelingsnøkkel der følgande variablar inngår: elevtal i grunnskule og vidaregåande skule, geografiske avstandar og infrastruktur. Vestland fylkeskommune fordeler vidare til kommunane etter same nøkkel.

For skuleåret 2023/24 er Vestland fylkeskommune tildelt kroner 37 271 234 til DKS. Om lag 26,8 mill. skal nyttast på tiltak i grunnskulen og rundt 10,4 mill. på tiltak i vidaregåande skule.

Bergen kommune sin del av spelemidlane er fastsett av Kulturtanken. For skuleåret 2023-24 utgjer dette kr 9 219 618. Praksis i Vestland har vore at fylkeskommunen har disponert to tredelar av resterande tilskot til grunnskulen og kommunane ein tredel. For skuleåret 2023-24 har summen som skal delast mellom kommunane gått ned. For å kompensere nedgangen er tildelinga til kommunane auka til 36%. I tillegg vert tildelinga til mindre kommunar auka til minimum kr 25 000,-.

Med utgangspunkt i fordelingsmodell vedtatt 20. september 2023 skal midlane fordelast slik:

- Del til vidaregåande skule: kr 10 400 000
- Del til grunnskule: kr 26 871 234
 - o Bergen kommune: kr 9 219 618
 - o Kommunane utanom Bergen kommune: kr 6 398 000
 - o Vestland fylkeskommune: kr 11 253 616
 - o Differanse pga. avrunding til næraste heile 1000 går inn i Vestland fylkeskommune sin del til grunnskulen

Midlane til kommunane vert fordelt slik:

Kommune	Tildeling skuleåret 2023/2024
Alver kommune	559 000 kr
Askvoll kommune	80 000 kr
Askøy kommune	493 000 kr
Aurland kommune	32 000 kr
Austevoll kommune	99 000 kr
Austrheim kommune	45 000 kr
Bergen kommune	9 219 618 kr
Bjørnafjorden kommune	462 000 kr
Bremanger kommune	79 000 kr
Bømlo kommune	216 000 kr
Eidfjord kommune	25 000 kr
Etne kommune	57 000 kr
Fedje kommune	25 000 kr
Fitjar kommune	61 000 kr
Fjaler kommune	56 000 kr
Gloppen kommune	103 000 kr
Gulen kommune	60 000 kr
Hyllestad kommune	25 000 kr
Høyanger kommune	84 000 kr
Kinn kommune	285 000 kr
Kvam herad	150 000 kr
Kvinnherad kommune	272 000 kr
Luster kommune	142 000 kr
Lærdal kommune	38 000 kr
Masfjorden kommune	47 000 kr
Modalen kommune	25 000 kr
Osterøy kommune	172 000 kr

Samnanger kommune	43 000 kr
Sogndal kommune	196 000 kr
Solund kommune	25 000 kr
Stad kommune	191 000 kr
Stord kommune	298 000 kr
Stryn kommune	152 000 kr
Sunnfjord kommune	355 000 kr
Sveio kommune	111 000 kr
Tysnes kommune	56 000 kr
Ullensvang kommune	198 000 kr
Ulvik herad	25 000 kr
Vaksdal kommune	87 000 kr
Vik kommune	52 000 kr
Voss herad	253 000 kr
Øygarden kommune	604 000 kr
Årdal kommune	60 000 kr

Masfjorden kommune har fått tildelt kr 47 000.

Renteinntekter av tildelte spelemidler skal gå til føremålet. Det same gjeld ev. meirverdiavgiftsrefusjon som vert generert av aktivitet i DKS.

Kulturtanken kan setje i verk kontroll med at spelemidlane vert nytta slik dei skal.

4. Vilkår for tildelinga

DKS skal vera eit tillegg til eksisterande satsingar på skule-, kunst- og kulturområdet, og ikkje erstatta noverande tiltak eller satsingar som vert finansierte med andre midlar. Midlane skal ikkje gå inn i ordinær skuleundervisning eller i allereie eksisterande skuletiltak.

Kommunen skal til ei kvar tid ha ein kommunekontakt som har som arbeidsoppgåve å utvikle DKS i kommunen, og som skal ha eit aktivt forhold til utviklinga av DKS i fylket.

Det er ein føresetnad for tildelinga at kommunen rapporterer om tiltaka i kommunal regi. Tildelte midlar skal nyttast i tråd med måla og prinsippa for ordninga.

5. Rapportering og rekneskap

Rapport

Rapportering vert gjort pr. kalenderår. Kommunen skal sende inn årsrapport på <https://www.denkulturelleskolesekken.no/> om mellom anna:

- Økonomi og ressursbruk
- Gjennomførte aktivitetar innan alle kunst- og kulturuttrykk i DKS

Frist: Rapport på tiltak for kalenderåret 2023 skal gjerast elektronisk innan **1. februar 2024**.

Vi gjer merksam på at dersom kommunen har overført spelemidler direkte til grunnskulane, må kommunen likevel rapportera etter dei premissane som vert gjort gjeldande i dette tildelingsbrevet.

Alle rapportane vert vurderte i samsvar med mål, føringar og prinsippa for DKS. Fylkeskommunen er ansvarleg for å følgje opp rapportane frå kommunane.

Rekneskap

Kommunar som får tilskot som er kr 400 000 eller meir skal levere rekneskap som er kontrollert av statsautorisert eller registrert revisor, ev. av kommunerevisjon eller anna offentleg revisororgan. Etter avtale kan revisorkontroll av tilskotsmidlane inngå som del av revisjonen av kommunen sitt ordinære årsrekneskap.

Kommunar som får mindre enn kr 400 000 skal levere rekneskap som er godkjend av verksemda si rekneskapsavdeling.

Frist: Rekneskap for kalenderåret 2023 skal sendast til Vestland fylkeskommune innan **15. april 2024**. Merk rekneskapen med: **2022/1748**. Vi rår kommunar som ikkje skal ha rekneskapen til revisor til å leverer rekneskap samstundes som dei leverer rapporten.

6. Utbetaling

Kommunane får utbetalt tilskotet ved å senda Vestland fylkeskommune elektronisk faktura i EHF-format:

- Elektroniske fakturaadresse: 9908:821311632
- Aksesspunkt: Visma
- Saksnummer: 2022/82405
- «Deres referanse» skal merkast med 14333

For meir informasjon om korleis de sender faktura til Vestland fylkeskommune, sjå:

<https://www.vestlandfylke.no/om-oss/send-faktura-til-vestland/>

De har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Send faktura snarast, og seinast innan 01.11.2023.

Ta kontakt dersom noko er uklart. Vestland fylkeskommune ser fram til vidare samarbeid om DKS.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
avdelingsdirektør
Kultur og folkehelse (KFO)

Øyvind Sunde Høstaker
seksjonssjef
KFO - Kulturformidling

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 **ASA 4401 Rammeavtale om vilkår for oppdragstakere i Den kulturelle skolesekken i fylkeskommuner og kommuner**